

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:		Aust-Agder
Troms	Sogn og Fjordane	Telemark
Nordland	Hordaland	Buskerud
Nord-Trøndelag	Rogaland	Oppland
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Hedmark

Leiar: Magnar Lussand,
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
E-post: m-luss@online.no
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 29.01.2009.

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo
Epost: Postmottak@oed.dep.no

Høyringsuttale

Endringar i energilova, kraftnettet

Det vert vist til høyringsbrev og høyringsnotat dgs. 09.12.2008.

Høyringsuttalen er utarbeidd i samsvar med styret i Samarbeidande kraftfylke sitt vedtak i sak 1-2009.

1. Samarbeidande kraftfylke har ikkje merknader til lovforslaga isolert sett

Høyringsnotatet inneheld slike forslag:

- Forslag om tilknytingsplikt for produksjon på alle nivå.
- Forslag om tilknytingsplikt for forbruk på alle nivå.
- Forslag om at nettselskapa skal ha fullt eigarskap til sine eigedomar.
- Forslag om konsesjonsplikt for lågspent fordelingsnett.

Departementet sine forslag er etter vår vurdering i det alt vesentlege fornuftige tiltak som treng ei lovmessig forankring. Kraftfylka har ikkje merknader til desse isolert sett, men har derimot merknader til økonomiske problemstillingar knytt til forslaga.

2. Inntektsrammereguleringa og utjamningsordninga er ikkje gode nok som avbøtande tiltak

Når det gjeld fordeling av kostnader, viser departementet til NVE si inntektsrammeregulering og til utjamningsordninga over statsbudsjettet. Kraftfylka har fleire gonger påpeika at inntektsrammereguleringa ikkje tek høgde for å gje nok økonomisk grunnlag for fornying og reinvestering i kraftnettet. Og at kraftprisutjamningsordninga berre gir liten grad av utjamning. Det vert vist til at sjølv etter årets dobling til 60 mill. kr, gir ordninga berre 6,7 % utjamning, at full utjamning av dagens forskjellar i nettleige vil krevje ca. 900 mill. kr pr. år, og at behovet for utjamning må ventast å auke vesentleg om utkant-Noreg skal dekke kostnadene med opprustning av kraftnettet for transport av fornybar energi. Det siste er heilt urimeleg og må avvisast på det sterkaste.

3. Økonomiske incentiv for investeringar i kraftnettet må kome på plass

Stortinget sitt vedtak om å få gjennomgått investeringsincentiv er i liten grad med i høyringsnotatet. Lovforslaget inneber så vidt vi kan sjå at ein ikkje tek mål av seg til å få på plass ei ordning der investeringsincentiva er på plass. Ei incentivordning må så langt vi forstår i det minste ivareta følgjande:

- Det må etablerast samsvar mellom samfunnsøkonomi og bedriftsøkonomi, anten ved at summene er samanfallande, eller ved at differansen blir ulikna med tilførsel av midlar.
- Kapitalen som blir investert i kraftnettet må ha ei avkastning som annan investeringskapital med tilsvarende risiko.

Om dette ikkje er på plass, vil nettinvesteringar bli forseinka eller nettselskapa må tilførast kapital frå andre, dvs. abonnentane eller eigarane. Når det gjeld distrikta, så vil det seie abonnentar og eigarar der. Av den grunn og pga. at det systemmessig må vere rett, bør styresmaktene gå inn for å få rette investeringsincentiv på plass. Det er eit tankekors om Noreg i lang tid har hatt nettregulering som ikkje har gjeve rette investeringsincentiv for opprusting og nyutbygging, noko som må ha ført til etterslep.

4. Petroleumsindustrien må betale for kostnader den forårsakar i kraftnettet

Sentralnettet er bygt etter samfunnsøkonomiske kriterium og prisane er utjamna. Ei grunngeving for prisutjamninga er at sentralnettet skal fungere som marknadsplass for kraftomsetninga.

I høyringsdokumentet skriv departementet at ein må vente at fleire store forbrukseiningar frå petroleumssektoren vil knytte seg til sentralnettet i tida framover. Departementet går ikkje nærare inn på dette, men materiale frå Statnett viser scenario med investeringa av storleiksorden på inntil 20 mrd. kr over ein 20-årsperiode. Ei stor del av desse kostnadene er knytt til petroleumsverksemd og vindkraft. Ein stor del av desse investeringane vil kome i Nord-Noreg.

Kraftforsyninga i Midt-Noreg har vore problematisk pga. at det vart etablert store forbruk til kraftintensiv industri og petroleumsverksemd utan at det var sytt for kapasitet i kraftnettet. Dette har ført til høge prisar lokalt. Departementet legg no opp til at ved etablering av ny petroleumsindustri skal forholdet til kraftnettet og kraftforsyninga avklarast i planfasen. Samarbeidande kraftfylke støttar dette.

Tilfellet i Midt-Noreg har og vist at det føl betydelege kostnader med, til reserveløysing med mobilt gasskraftverk og til bygging av nye kraftlinjer. Desse kostnadene må fellesskapet dekke gjennom sentralnettstariffen. Det er eit tankekors at når det gjeld distribusjonsnettet, der kostnadene er avgrensa og neppe har særleg å seie lokaliseringmessig, står departementet hardt på prinsippet om at den enkelte abonnent skal dekke sine kostnader fullt ut. Men når det gjeld sentralnettet, der kostnadene er betydelege, og kostnadsrett prising kan ha lokaliseringmessige konsekvensar, legg dept. ikkje vekt på dette prinsippet.

Etter kraftfylka sitt syn bør oljeindustrien, som har store økonomiske ressursar og forårsakar store kostnader i sentralnettet, bidra økonomisk og dekke sine kostnader. Om ein får kraftnett etablert på denne måten, kan dette kome igjen i vindkraftsamanheng etc..

5. Element som ikkje har med kraftnettet å gjere, el-avgift, enova-avgift og meirverdiavgift, bør fjernast frå nettleiga

Noreg er eit vidstrakt land langt mot nord med kjøleg klima. Naturgjevne forhold gjev oss dermed større behov for energi (til oppvarming) og høgare kostnader til transport av energi enn dei landa vi konkurrerer med til dømes i Europa. Gjennom kraftmarknaden og tilkopling til Europa får Noreg europeiske energiprisar. Norske kraftprisar blir dermed lik europeiske kraftprisar + norske nettkostnader, som pga. høge norske nettkostnader må bli høgare enn i land med lågare nettkostnader. Og dette går verst ut over distrikts-Noreg, som har dei høgaste kostnadene.

Kraftnettet er infrastruktur, og for å halde kostnadene nede, bør ein fjerne dei kostnadene som ikkje har med kraftnettet å gjere. Ut frå eit slikt resonnement bør ein:

- Fjerne el-avgifta, som ikkje har noko med kraftnettet å gjere. Og der både den opphavelige grunngevinga (finansiære utjamning av nettkostnader) og den seinare grunngevinga (gje incitament til energiøkonomisering), ikkje lenger er til stades.
- Fjerne enova-avgifta, som ikkje har noko med kraftnettet å gjere. Dessutan bør bruken av enova-avgifta avvegast mot anna bruk av midlar i statsbudsjettet, som Finansdepartementet hevdar er eit viktig prinsipp.
- Fjerne meirverdiavgifta, som slår urimeleg ut for hushaldningskundar, som ikkje får den refundert. Meirverdiavgifta i denne samanheng er skatt på kostnader med kritisk infrastruktur, og di høgare kostnadene er, di meir skatt må kundane betale. Dette er heilt urimeleg og går ut over hushaldningskundane i distrikts-Noreg, som har dei høgaste kostnadene.

Med vennleg helsing

Magnar Lussand
Styreleiar